

# Digitale praksismøter haust 2020

Primært skal det planleggjast for fysiske møter mellom student, praksisrettleiar og praksis-/kontaktlærer. Denne retningslinja gjeld for hausten 2020 dersom smittesituasjonen tilseie at det er utfordrande at praksislærer kan vere tilstade på praksisplassen. Dersom pandemien blussar opp igjen fastset beredskapsgruppa om og korleis praksis skal gjennomførast.

## Planlegging av digital møte

I den digital samtalen er det nokre forhold det er viktig å tenkje på:

- Må ha egna rom for å ivareta sensitiv informasjon, unngå støy og forstyringar, m.m.
- Må ha egna utstyr (PC med kamera, mikrofonar dersom mikrofon på PC er utilstrekkelig, etc.). Mobil kan nyttast dersom ikkje tilgang til WiFi, evt. koble PC til mobilnettet (delt internett)
- Velg digital plattform som viser fleire personar samtidig
- Velg digital plattform ut frå hensikta med møtet
- Bruk enten Teams, Zoom eller Skype for Business
- Bruk videofunksjonen for å kunne sjå ikkje-verbale kommunikasjon
- Digitale møte krev at ein er førebudd
- Ekstra krevjande og viktig å legge opp til dialog og likeverd i digitale møter

## Oppretting av møter:

- Student, praksislærer og praksisrettleiar avtaler kva digital plattform dei vil nytte
- Praksislærer opprettar møter
- Oppretting av møte i Zoom eller Teams, er enklast å gjere i Outlook via kalenderfunksjonen og ikona, Schedule a Meeting (zoom) og Nytt Teams-møte (Teams). Møteinvitasjon kan då sendast som om det var eit Skype-møte.

Tilsette utanom HVL/VID kan ha problem med å delta i zoom-møter når dei nyttar arbeidsgjevar si datamaskin. På denne lenka er det ei oppskrift for å kunne delta på møte utan å laste ned appen: <https://nettundervisning.hvl.no/index.php/heim/tilsette/kom-i-gang-med-zoom/gjesteforelesar-i-zoom/>

## Møte(r) før praksis/rettleiarseminar:

Gjennom digitale møter mellom utdanningsinstitusjon og praksisrettleiarane og digitale møter mellom student, praksisrettleiar og praksislærer ved alle utdanningane, kan praksis hausten 2020 verte meir forutsigelig. Lengda på eit møte bør ikkje overskride 2 timar. Det er HVL og VID som er ansvarlege for desse møta.

## Innhaldet kan vere:

- Gjennomgang av relevante delar av studieplan (den enkelte rettleiar har satt seg inn i denne i forkant av møtet)
- Gjennomgang av denne praksisperioden
  - Kva har studentane gjort før praksisperioden?
  - Kva for arbeidsoppgåver er det forventa at studentane skal gjennomføre i praksisperioden?

- Læringsutbyttebeskrivelsane for den aktuelle perioden
- Vurderingsskjema- innhald og prosess
- Skikkavurdering ([Her finn du meir om det](#))
- [Rutiner for varsel ved tvil om studenten består praksis](#)
- Ansvar til rettleiar, praksislærer og student
- Spesielle smitteverntiltak

### «Trekantmøte»- Student(ar), praksisrettleiar og praksislærer (i løpet av 1.-2. veka)

Praksislærer sender invitasjon til digitalt møte til alle involverte.

- Forventingsavklaring
- Gjennomgang av mulige lærings situasjonar på praksisplassen
- Gjennomgang av målsettingsdokumentet til studenten(e)
- Gjennomgang av rutinar for samarbeidet mellom dei tre partane gjennom praksisperioden
- Avtale datoar og evt. innhald for samarbeids-/rettleiingsmøta

Student sender oppsummering av møtet til alle involverte.

### Møte om midtvegs vurdering:

- Følgje skjema ein plar bruke under midtvegs vurdering
- Midtvegs vurderinga skal vere skriftleg og praksisrettleiar, praksislærer og student signerer
- Midtvegs vurdering må synleggjere:
  - Kor langt studenten er komen i forhold til å nå læringsutbytte
  - Evaluering av læreprosessen
  - Korleis studenten skal jobbe for å komme vidare i læreprosessen
  - Utfordringar framover
  - Dersom fare for stryk i praksis:
    - Det skal leggest ein skriftleg, detaljert plan for vegen vidare, og kva studenten må gjere/ forbetre for å kunne stå i praksis.

HVL/VID gjev skiftelig varsel om fare for ikkje bestått praksisperiode til studenten etter dialog med og anbefaling frå praksisrettleiar.

### Møte om sluttvurdering:

- Vurderingssamtale student, praksisrettleiar og praksislærer
- Utfylling av skjema tilgjengeleg på [HVL](#) og VID for bruk ved sluttvurdering
- Praksisrettleiar/praksislærer fyller ut skjema og leverer studenten siste arbeidsdag
- Student/praksisrettleiar/praksislærer signerer denne

Ved ikkje godkjent praksis **BØR** det leggest til rette for fysiske eller personleg frammøte/ikkje digitalt møte. HVL/VID har endelig avgjerse på bestått/ikkje bestått praksisperioden.

### Møte dersom student har fare for ikkje bestått praksis eller skikka til yrket (særskilde behov)

Ved særskilde behov **SKAL** det leggest til rette for fysiske møter, altså ikkje digitale møter. Dersom det ikkje er mogeleg å møtast fysisk på praksisplassen, kan møtet gjennomførast annan stad.